



Saksprotokoll

Organ: Hovudutval for opplæring

Møtedato: 22.11.2016

Sak nr.: 16/6166-9

Internt l.nr.: 39834/16

Sak: 33/16

Tittel: Felles fråværsreglement for dei vidaregåande skulane

Behandling:

Frå fylkesdirektøren låg det føre slik tilråding til vedtak:

1. Hovudutval for opplæring vedtek det reviderte fråværsreglementet for dei vidaregåande skulane slik det går fram av vedlegg 1.
2. Fråværsreglementet gjeld frå 1.8.2016.
3. Det skal visast til fråværsreglementet i skulane sine ordensreglement. Fråværsreglementet skal også følgje som vedlegg til ordensreglementet.

Endringsframlegg:

Hovudutvalet for opplæring kom med følgjande tillegg til tilrådinga frå fylkesdirektøren:

4. For kravet til dokumentasjon må skulane utarbeide rutinar i samarbeid med aktuelle samarbeidspartar. Ein må sjå til at rutinane vert så smidige at dei ikkje belastar nokon av partane meir enn nødvendig. Administrasjonen ser til at dei vert likt praktisert ved skulane.
5. Hovudutvalet imøteser ei sentral evaluering av fråværs-saka, og vil samordna den lokale evalueringa med denne saka.

Avrøysting:

Tilrådinga frå fylkesdirektøren saman med tilleggsframlegget frå hovudutvalet vart samrøystes vedteke.

Dette gir følgjande endeleg vedtak:

1. Hovudutval for opplæring vedtek det reviderte fråværsreglementet for dei vidaregåande skulane slik det går fram av vedlegg 1.
2. Fråværsreglementet gjeld frå 1.8.2016.
3. Det skal visast til fråværsreglementet i skulane sine ordensreglement. Fråværsreglementet skal også følgje som vedlegg til ordensreglementet.
4. For kravet til dokumentasjon må skulane utarbeide rutinar i samarbeid med aktuelle samarbeidspartar. Ein må sjå til at rutinane vert så smidige at dei ikkje belastar nokon av partane meir enn nødvendig. Administrasjonen ser til at dei vert likt praktisert ved skulane.
5. Hovudutvalet imøteser ei sentral evaluering av fråværs-saka, og vil samordna den lokale evalueringa med denne saka.